

Fjellfotvegen frå Godøy skule

Turvegen er småkupert og har flott utsyn. Der er for det meste fast grusdekke, men også område med litt lausare grus (pr. 2016). Turen er eigna for barnevogn, sykkel og terrenggåande rullestol. Frå parkeringa ved Godøy skule ser du starten på turvegen. Ei informasjonstavle fortel om turar på Godøya. På vege oppover er det dyrkamark på eine sida og opa kystmyr på den andre. Opp mot fjellfoten blir vege litt brattare, før den strekkjer seg aust-vest. Her ved den sørvendte fjellfoten er klimaet lunare enn i det opne landskapet på veg opp. Turvegen går langs fjellfoten gjennom område med furuskog, hasselskog og nokre planta granfelt, heilt frå byggefeltet i aust til Dyb (Juv) i vest. Over tunnel-innslaget til Alnes er det sett ut benkar, her er det flott utsyn. Vidare vestover mot Dyb finst spor av sedimentære avsetningar og rullesteinar frå istida i vegskjeringa. Turvegen er framleis under bygging i 2016, men vil til slutt ende på Juv (2017) og knyte saman alle turrutene på øya.

Mange flotte rundturar

Frå Dyb går det sti opp mot Alnesvatnet. I skaret før sjøve vatnet deler stien seg i motsette retningar. Til høgre går stien vidare mot Storhornet, høgste toppen på øya. Stien til venstre går vestover mot Rantane og Lesten. Her er det flott utsyn mot storhavet. Det går også sti langs vestsida av vatnet, men denne er tidvis noko fuktig. Det er råd å krysse heile øya og kome ned til Alnes. Johan Skytt er ei stor steinhelle som stikk ut frå fjellsida på toppen av bratthenga på nordsida av øya.

Frå aust er det merka sti opp til krigsminnesmerket og til Sloktinden, og vidare til Storhornet eller via Johan Skytt-stenen til Alnes.

Å gå langs fjøra mellom Juv og Alnes er ei stor oppleving. Men delar av turen har eit krevjande terreng med vanskelege parti, både ved jettegrytene og nokre andre stader. Turen er tryggast når havet er roleg og det ikkje er sleipt og glatt på steinar og svaberg.

Parkering og buss

Godøya har fleire busshaldeplassar. Sjekk oppdatert ruteinformasjon her: www.frammr.no eller ring 177. Ved Dyb er det ein stor parkeringsplass. Det er også råd å parkere ved skulen etter skuletid, eller ved stadion om der er ledige plassar.

Kulturminne

Det er fleire kulturminne og interessant geologi å sjå på Godøya. På svaberga like ved sjøen lengst vest er det store flotte jettegryter frå istida. Oppe i fjellet på sør-aust sida ligg eit krigsminnesmerke, ein hellar som fungerte som gøymestad under krigen. For meir informasjon om kulturminne sjekk: www.kulturminnesok.no

Turtips:

www.friluftsraadet.no
www.morotur.no
www.godtur.no

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå www.friluftsraadet.no

Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS; Foto: Roger Strand.



Godøya og Fjellfotvegen

Godøya er ei turperle ytst i havgapet med ei rad spennande opplevingar for små og store. I Sandvika på Alnes er det ei flott badestrand, på øya finst jettegryter og mange ulike turar å velje mellom. Fjellfotvegen er eit turmål i seg sjølv, som kan kombinerast med dei andre turalternativa på øya.



TURKORT! Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2016.



Parkering



Buss



Utsynspunkt



Turveg – gul



Sti – kvitstipla



Vandring på bilveg – gul stipla



Badeplass



Fornminne



Informasjon



Snu



Sittegruppe/ rasteplass



Geologi



Fyr



Leikeplass



Fotballbane





Godøya og Fjellfotvegen



Krevjande terreng å gå i, men flott langs sjøen mellom Alnes og Juv.